

NOTAT

OPPDRAAG	Detaljregulering for Manger sentrum aust	DOKUMENTKODE	10204419-PLAN-NOT-003
EMNE	Merknadsvurdering	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAAGSGIVER	Alver kommune	OPPDRAAGSLEDER	Svein Andersland
KONTAKTPERSON	Rolf Raknes	SAKSBEHANDLER	Bernhard Endseth Nerland
KOPI		ANSVARLIG ENHET	10233052 Akva og Plan Vest - Stord

1 Innleiing

Alver kommune meiner at det aktuelle planforslaget framleis inneheld vesentlege manglar, og det vert vurdert til å ikkje vera klart for vedtak. Planforvaltninga hjå kommunen har utarbeidd eit skriv med fleire punkt som har vore sendt attende til plan og analyse for vidare handsaming. Plan og analyse har vidare sendt dette til plankonsulent.

Me vil i det følgjande kommentere dei ulike punkta, og koma med forslag til løysing/ending.


2 Uttalar frå offentlege mynde

- *Plankonsulent har ikkje utarbeide eit merknadsskjema frå verken 1. eller 2. gongs høyring og offentlig ettersyn.*
 - Det har tydelegvis oppstått ei misforståing mellom tiltakshavar og plankonsulent. Plankonsulent har ikkje oppfatta at tiltakshavar gjerne ville at det skulle utarbeidast merknadsskjema. Det har vore førespurnad frå kommunen om uttale til einskildmerknadar som kommunen har oversett (jf. e-post frå Rolf Raknes 17.01.2020), men plankonsulent har ikkje oppfatta ein førespurnad om full merknadshandsaming, anna enn at det har blitt bedt om at merknadane vert løyst. Ei merknadsoversikt frå 2. gongshøyringa med kommentar frå Rådmannen (tilsendt 19.03.2020) vart tolka som at kommunen kommenterte merknadane sjølv. Plankonsulent tek sjølvkritikk for at denne tolkinga kan ha vore feilaktig.
 - Dersom det er ønskjeleg kan plankonsulent utarbeida merknadsskjema for 1. og 2. gongs høyring.
- *Samanhengande byggjegrænse på 20 meter langs fylkesvegen gjennom utbyggingsområde kjem ikkje fram av plankartet.*
 - Dette punktet var fremja av Vestland fylkeskommune, som har blitt vegmynde for fylkesvegar i løpet av planarbeidet. Plankonsulent har vore i dialog med Tone Bøyum hjå VLFK om dette punktet 02.08 og 04.08.2020. VLFK tok ikkje formell stilling til det plankonsulenten presenterte.
Plankonsulent har valt å ikkje syne ei samanhengjande byggjegrænse på 20 meter langs fylkesvegen. Dette grunna at dei privatrettslege byggjegrænsane mellom einskilde grunneigeedomar då ikkje kjem fram av kartet (4 meter frå

00	18.09.2020	Merknadsvurdering	BERN	SFA	SVEA
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

Merknadsvurdering

eigedomsgrense). Det har lite for seg å visa samanhengande byggjegrænse og 4 meter byggjegrænse mellom grunneigedomar, då det ikkje er høve til byggjetiltak utanfor desse grenselinjane uansett.



Figur 1: VLFK sitt døme på ikkje-samanhengande byggjegrænse.

- Byggjegrænse på 50 meter frå senterline i BN4 frå planlagt vegmidte for fv. 565 arm til Manger kjem ikkje fram av plankartet. Plankart visar framleis 20 meter.
 - Dette punktet var fremja av Vestland fylkeskommune, som har blitt vegmynde for fylkesveggar i løpet av planarbeidet. Plankonsulent har vore i dialog med Tone Bøyum hjå VLFK om dette punktet 02.08 og 04.08.2020. VLFK tok ikkje formell stilling til det plankonsulenten presenterte.

I BN4 er byggjegrænsa synt med 4 meter frå føremålsgrænse/eigedomsgrense. Denne byggjegrænsa er godt utanfor 50 meter frå senterlinje veg for «armen» i reguleringsplanen for fv. 565. Det vert difor ikkje gjort endringar på byggjegrænse i BN4.



Figur 2: Utsnitt som synar delar av dei aktuelle planane med 50 meter offsett av senterlinje veg i plan for fv. 565 markert.

Merknadsvurdering

- *Satt byggjegrænse på 5 meter for kommunal veg er ikkje vurdert på nytt.*
 - Denne byggjegrænse er vurdert på nytt, men plankonsulent har berre ikkje skrive at ein held seg til desse 5 meterane. Kommunen og SVV vart i møte 28.03.2019 eins om ei byggjegrænse her på minimum 5 meter, jf. møtereferat. Det vert vurdert at 5 meter er tilstrekkeleg for drift og vedlikehald. Byggjegransar er dessutan lagt i siktlinjene der kvar siktlinjane går utover byggjegransane, dette for at det ikkje skal oppstå sikthindringar.

- *Trafikkanalyse kap. 3 omtalar ikkje noko særleg kring tema om busslommer/kollektivhaldeplass knytt til trygge løysingar ved kryssing for mjuke trafikantar.*
 - Plankonsulent meiner at desse temaa er tilstrekkeleg gjort rede for i planomtalen, men kan likevel tilføye meir under dette punktet i trafikknotatet.

- *Føresegna sikrar ikkje nokon føringar om trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar, slik trafikkanalyse kap. 3 skildrar med at «Gangfelt skal få universell utforming med ledelinje og oppmerksomhetsfelt og skal belysast og skiltast».*
 - Det er ikkje noko problem å inkludera dette i føresegnene om ynskjeleg.

- *Avslutning av fortau o_SF5 mot avkøyrslø SKV10 er ikkje vurdert på nytt.*
 - Dette er eksisterande situasjon, men har blitt oppdatert/endra i vegteikningar. Endringa i vegteikningane har diverre ikkje blitt fanga opp av plankartet. Dette vert fiksa.

- *Tekniske teikningar visar ikkje noko om utforming av busslommer.*
 - Det er ikkje korrekt at busslommene ikkje er målsett i vegteikningane. Det kjem fram av normalprofil i vegteikning F01 at busslommene har 3 meters breidde, og i C01 at feltet er 20+30+20 meter langt. Om ein i tillegg ser på pelmarkering på vegsenterlinje i vegteikning B01 så kan ein tydeleg måle/sjå at lengde på busslommene vert 70 meter (10 meter mellom kvar strek). Busslommer er målsett i plankart med lengde på 70 meter og breidde på 3 meter. Kan implementerast i føresegnene om ynskjeleg.

- *Plankonsulent har ikkje vurdert nærare bruken av SHA-plan som verkemiddel for å ivareta trafikktryggleika for allmenta i anleggsfasen.*
 - Me har omtalt moglegheiten for å nytta SHA-plan som verkemiddel i ROS-analysen (eige vedlegg). Utdrag: «SHA-planen rettar seg først og fremst mot tryggleik for arbeidstakarane innanfor anleggsområdet. Tryggleik for utanforståande må sytast for gjennom tilstrekkeleg områdesikring og merking av anleggsplass.»

- *Plankartet visar kun siktlinar på 10x54 i kryss mellom o_SKV2 og o_SV. Resterande kryss i plan har 6x45 meter, kvifor?*
 - Avkøyrslø og kryss har forskjellige siktkrav. Det er i tillegg venta meir trafikk i det aktuelle krysset enn i dei resterande, difor byrjar siktsona lenger bak for å dekkje større areal (strengare krav til sikt).

- *SVV «Planframlegget som er lagt ut til offentleg ettersyn er etter Statens vegvesen si vurdering ikkje tilstrekkeleg utgreidd med omsyn til eventuelle fråvik frå vegnormal N100. Statens vegvesen meiner det er naudsynt å omarbeide planframlegget på fleire sentrale punkt. Dette gjeld både plankart og føresegner. Ved behov vil vi kunne bidra med fagleg*

Merknadsvurdering

retteiing.» Plankonsulent har ikkje nytta seg av tilbodet frå SVV om fagkyndig retteiing til utforming av plankart, føresegn og korleis ein i planomtale og trafikkanalysa skal vurdere avvik i plan frå handbøkar

- Me meiner at dei momenta som SVV var mest kritisk til tidlegare no er løyst, jf. møte mellom SVV, dåverande Radøy kommune og plankonsulent 28.03.2019. Vegplanlegginga i denne reguleringsplanen er utført av ein vegplanleggjar med fleire tiårs erfaring innanfor fagområdet. Det vart med utgangspunkt i desse momenta difor vurdert at fagleg retteiing frå SVV i denne saka ikkje var naudsynt.
- Om Alver kommune ynskjer ei meir utfyllande trafikkanalyse/-prognose, som ikkje har vore ein del av oppdraget, så vil dette medføre ein meirkostnad då fleire fagpersonar må koplast inn i oppdraget.

3 Planforvaltninga sine egne merknadar

- *Det er ikkje godt nok å kun referera til at tiltak i plan er i tråd med N100 og andre handbøkar. Det skal stå i planomtalen og trafikkanalysa kva kapitla og tabellar som vart nytta.*
 - Dette kan gjerast om ynskjeleg.
- *B2 har i dag ein tilkomstveg frå fylkesvegen, via BN1 til eigedomen. Ny tilkomst kjem fram av tekniske teikningar men ikkje av plankartet.*
 - Tilkomst til B2 er sikra gjennom føresegna § 4.1.5. Avkøyrsløp kan settast inn i plankart om ynskjeleg.
- *Det må lagast eit rekkjefølgjekrav at ved løyve om IG for tiltak i BN1 skal ny tilkomstveg til B2 opparbeidast.*
 - Dette kan implementerast i føresegnene om ynskjeleg, men merk at byggjegrensa i BN1 gjer at tiltak ikkje vert til hinder for opparbeiding av ny tilkomst til B2, jf. vegmodell 90000 i vegteikning D03.
- *Eksisterande veganlegg i område L2, BKB1, L3 og B1 er ikkje vidareført og tilkomst til eksisterande bygningsmasse innanfor områda er ikkje sikra.*
 - Eksisterande veganlegg i L2 og BKB er ikkje vidareført då desse ikkje har hatt relevans for planen, eller fokus grunna vedteke planavgrensing. Den generelle føresegna for L, dvs. § 7.1.1 ekskluderer ikkje veg. Vegtilkomst til eksisterande byggmasse vert difor ikkje vurdert som «ikkje sikra». For L3 og B1 føreligg det ikkje eksisterande veganlegg. Tilkomst til B1 via anten BKB1 eller L3 er sikra gjennom føresegn § 4.1.6. Dette har ikkje vore teke opp som eit tema av kommunen tidlegare, og kommunen har sjølv vore med å bestemt avgrensinga av planen.
- *Det er ikkje god nok overlapp mellom planen for Manger sentrum, Manger sentrum aust og KPA. Kun delar av bygningen i L2 er med i planforslaget. Resten av vegen ligg i Manger sentrum planen og resten av huset ligg i KPA.*
 - Dette har ikkje vore teke opp som eit tema av kommunen tidlegare, og kommunen har sjølv vore med å bestemt avgrensinga av planen baserte på eksisterande planar, grensar og tilhøve i området. Om det har vore ynskjeleg med ei anna avgrensing av planen, så burde dette ha vore ytra ved eit tidlegare høve. Noverande planavgrensing er eit resultat av eit forsøk på tilpassing til å ligge tett opp til eksisterande planar, samt vidareføring/forlenging av eksisterande grenser i kringliggjande planar.

Merknadsvurdering

- *Det er ikkje god nok overlapp mellom planforslaget og planen for rv. 565 Tolleshaug – Soltveit.*
 - Om det vert synt til trekanten som vert mellom desse to, så har det vore ynskjeleg frå vår side at denne skal vera med i planområdet. I samråd med kommunen vart det likevel valt å nytte seg at planavgrensinga som no føreligg.